# Barnebøker for Norge

barneboker.no

## Avgjerd

Skrevet av: Ursula Nafula
Illustret av: Vusi Malindi
Oversatt av: Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons
Navngivelse 4.0 Internasjonal Lisens.
https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/deed.no

# Avgjerd



✎ Ursula Nafula
Vusi Malindi
Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand
nynorsk
nivå 2



Landsbyen min hadde mange problem. Vi stilte oss på ei lang rekkje for å henta vatn frå ei pumpe.



Vi venta på mat som andre hadde gjeve oss.



Vi låste husa våre tidleg på grunn av tjuvar.







Vi ropte alle saman med éi stemme: “Vi må forandra liva våre.” Frå den dagen samarbeidde vi for å løysa problema våre.



Ein annan mann reiste seg og sa:
“Mennene skal grava ein brønn.”





Mange born droppa ut av skulen.



Unge jenter jobba som hushjelper i andre landsbyar.





Ei kvinne sa: “Kvinnene kan verta med meg og dyrka mat.”



Åtteårige Juma, som sat på stammen til eit tre, ropte: “Eg kan hjelpa til med å samla søppel.”





Unge gutar dreiv rundt i landsbyen medan andre jobba på gardane til folk.



Når vinden bles, vart papirbitar hengjande fast på tre og gjerde.





Far min reiste seg og sa: “Vi må samarbeida for å løysa problema våre.”



Folk samla seg under eit stort tre og lytta.





Folk skar seg på glasbrot som folk hadde slengt frå seg.



Så ein dag tørka vatnet i pumpa opp og behaldarane våre vart tomme.





Far min gjekk frå hus til hus for å be folk delta på eit folkemøte.